



**SJARMERTE:** Anita Skorgan, Rita Eriksen og Hilde Heltberg i Queen Bees sjarmerte publikum i Stavang kyrkje.

# – Det er heilt fantastisk!

**STAVANG:** Dei store orda sat laust då Rita Eriksen i Queen Bees beskrev publikum, staden og naturen under kyrkjekonserten i Stavang. – Det er heilt fantastisk.

**LINDA REGINA BRUVIK**  
linda.bruvik@firdaaposten.no

Fredag song Queen Bees for ei fullsett Stavang kyrkje, og Sommerkonsertene i Stavang og Atle Jordahl klarte det igjen. Deira tredje sommarkonsert i rekkja vart ein stor suksess.

– Det var veldig kjekt at det kom så mange. Vi fekk høyre at det kom til å vere veldig lite folk her. Denne staden er fantastisk, publikum er fantastisk og naturen er fantastisk! sa ei begeistra Rita Eriksen, som saman med Anita Skorgan og Hilde Heltberg utgjer the Queen Bees.

## Strålende

Dei tre damene tok publikum med storm fredag kveld. Med låtar av James Taylor, Tom Waits, Leonard Cohen og Johnny Cash, for å nemne nokre, gav dei publikum ein strålende konsert.

– Vi kom hit i båt, og det var ein fantastisk tur gjennom den flotte skjergarden her. Vi blei køyrd nesten heilt til dora. Vi dronningar set verkeleg pris på slik luksus, fortalde ei smilande og strålende opplagt Rita Eriksen.

– Vanlegvis køyrer vi bil sjølv, og

ingen av oss er gode kartlesarar. Så vi rotar oss lett vekk, og det har hendt vi har teke fire-fem rundar i ei rundkøy-ring før vi har funne ut kvar vi skulle, la ho til, til høglydt latter frå publikum.

## Høgdepunkt

Høgdepunktet var då Eriksen sa: – Sjeldan har vel denne songen hatt eit så vakkert akkompagnement som denne flotte naturen, før ho sette i gong å syngje ein nydeleg versjon av den irske folkesongen «The water is wide». Medan Eriksen song, fløynde raudoransje strålar frå kveldssola inn den vidopne kyrkjedøra, og songarinna sjølv hadde panoramautsikt over solnedgangen i havet utanfor Stavang. Sola gjekk ned akkurat i dørøpninga.

Anita Skorgan kvitterte ut songen etterpå ved å seie:

– Eg har høyrd utruleg mange verdstjerner syngje denne songen. Men det er ingen som syng den så vakkert som du, Rita.

Og publikum understreka Skorgan sin kompliment med kraftig applaus.

## Ekstranummer

Etter nesten halvannen time med dronningane sa dei og musikarane Frank Eriksen og Freddy Holm takk for seg.

– Det har vore utruleg fantastisk å vere her med dykk i kveld. De er eit fint publikum, eit fantastisk publikum! avslutta Eriksen før dei gjekk av scena.

Men publikum hadde ikkje fått nok. Stående, massiv applaus i fleire minutt førte damene ut att på scena, og dei var tydeleg rørt av det jublande publikummet.



Artistane fekk blomar og takk frå arrangørane Sommerkonsertene i Stavang. Atle Jordahl sto for overrekkinga.

## – Vanskeleg å matche

Atle Jordahl i Sommerkonsertene i Stavang er redd det blir vanskeleg å matche årets konsert neste sommar.

Jordahl er veldig nøgd med årets konsert.

– Eg er veldig godt nøgd! Igjen høyrer eg folk sei at dei har høyrd artistane spele andre stader, men at det er heilt spesielt å oppleve dei i Stavang kyrkje. Det sa folk etter Vamp-konserten også, fortel han.

– Kva som gjer det, veit eg ikkje. Om det

er akustikken, storleiken på lokalet, naturen rundt, lyset, eller ein kombinasjon. Og kanskje var damene ekstra inspirerte etter båturen frå Florø til Stavang. Det kjem ein i god stemming av, seier Jordahl.

No skal arrangørane i tenkjeboksen for å finne ut kva dei skal gjere til neste år.

– Dette var så bra at det ikkje vert lett å klare å halde nivået så høgt til neste år også. Vi får sjå om vi klarar å finne artistar som kan matche dette, men det vert vanskeleg, seier han.